



**RAPPORT...**

**OM**

**PROSJEKTET**

**"UTVIDA MILJØVERNENGASJEMENT  
FOR JORDBRUKSETATEN  
I MØRE OG ROMSDAL"**

**SLUTTRAPPORT**

Fylkesmannen i Møre og Romsdal

Landbruksavdelinga Miljøvern-avdelinga

# *Rapporten inneheld:*

	Side
Samandrag	3
Føreord	4
Kapittel 1: Generelt om prosjektet	6
Kapittel 2: Kontrollarbeidet	7
2.1 Kontroll på gardsbruk	7
2.2 Kontroll av vassdrag	9
Kapittel 3: Resultat	11
3.1 Resultatet av førstegangkontrollen på bruka	11
3.2 Disponering av pressaft	13
3.3 Reaksjonsmåtar	13
3.4 Dispensasjon for spreiiing av husdyrgjødsel	15
3.5 Resultatet av pålegg frå 1992 og 1993	17
3.6 Analyseresultat	18
Kapittel 4: Vurdering, prioritering og tilstand	21
4.1 Vurdering av kontrollen	21
4.2 Endring i prioritering av oppgåver og tiltak	22
4.3 Tilstanden i vasdraga	22
Kapittel 5: Oppsummering	23
5.1 Føremål	23
5.2 Utført arbeid	23
5.3 Vurdering 1994.	24
Kapittel 6: Fylkesmannen si evaluering	25
Liste over vedlegg	27
Vedlegg: Kart,tabellar, figurar og andre vedlegg. Liste over publikasjonar.	

**FYLKESMANNEN I MØRE OG ROMSDAL**

Landbruksavdelinga, Miljøvernavdelinga

Fylkeshuset, 6400 Molde

Rapport nr: 5/95
Tilgjenge: Åpen

Tittel:  Utvida miljøvernengasjement for jordbruksetaten i Møre og Romsdal	Dato:  28. februar 1995	
Forfattarar: Ove Kaldhol og Reidun Sem Kallestad	Sidetal: 27 + 29 vedlegg	Opplag: 150

**Samandrag:**

Jordbruksetaten i Møre og Romsdal (no landbruksavdelinga) har fått delegert kontrollmynde etter forskrifter om forureining (forureiningslova) for ein forsøksperiode på 3 år (1992-1994). Denne rapporten er ei samanstilling av arbeidet i prosjektet. Forsøket omfattar kontroll med forureining i landbruket på bruksnivå og kontroll med tilstanden i vassdraga. Arbeidet omfattar også kontroll med spreining av husdyrgjødsel. I samband med og i tilknytning til kontrollarbeidet vert det lagt vekt på informasjon om faglege spørsmål som naturleg høyrer med, slikt som gjødselhandtering, gjødslingspraksis og utnytting av pressafta frå siloane. I hovudsak er det folk frå landbruksforvaltninga i kommunane som utfører kontrollarbeidet på bruksnivå. Landbruksavdelinga organiserer arbeidet i prosjektet. Miljøvernavdelinga har ansvaret for vassdragskontrollen.

Det går fram av rapporten at det er utført eit omfattande arbeid med kontroll av forureining i landbruket også i 1994. Det er kontrollert 614 bruk i 1994. I heile prosjektperioden er det no gjennomført førstegangskontroll på 1844 bruk. Dette utgjer omlag 35 % av bruka med husdyr i fylket. Miljøvernavdelinga har undersøkt og vurdert forureiningssituasjonen i 77 elvar og bekkar i 1994. I heile perioden er 127 elvar/bekkar undersøkt og vurdert.

Det er gitt 173 pålegg til 136 bruk i 1994. I heile perioden er det utskreve 505 pålegg til 398 bruk. Talet på bruk som har fått pålegg tilsvarar 7 % av bruka med husdyr i fylket. Bruk som får pålegg vert prioritert med omsyn til ordninga med tilskot til miljøtiltak.

Arbeidet i prosjektet har gitt større ansvarskjensle og større motivasjon både hos yrkesutøvarane i jordbruket og hos dei som arbeider i prosjektet i jordbruksetaten. Gjennom forsøket er det vist at alle aktørane har auka innsatsen sin og gjort ein betre jobb enn tidlegare.

Fylkesmannen rår til at arbeidet med forureiningskontrollen vert organisert etter eit tilsvarende mønster for framtida.

ISBN 82-7430-076-9

ISSN 08001-9363

---

## Føreord:

Prosjektet "Utvida miljøvernengasjement for jordbruksetaten i Møre og Romsdal" starta i 1992, og inneber at Jordbruksetaten har fått delegert kontrollmynde etter forureiningslova på alle områder innafor landbruksforureining. Prosjektet har kome istand gjennom samarbeid mellom miljøvern- og landbruksstyremaktene på fylkesplan, og det er utarbeidd eigne retningslinjer for jordbruksetaten sitt arbeid med kontrollen.

Dette er tredje og siste rapporten om prosjektet og omfattar både arbeidet i 1994 og eit samandrag av arbeidet i alle tre åra. Det er tidlegare laga rapportar for åra 1992 og 1993.

I prosjektperioden har Jordbruksetaten på fylke- og kommunenivå gjennomgått ei omfattande organisasjonsendring. Fylkesdelen av Jordbruksetaten er frå 01.07.93 lagt under Fylkesmannen som landbruksavdelinga. Kommunedelen er lagt til kommunane og har til dels gjennomgått omfattande omorganisering der. Arbeidet i prosjektet har gått sin gang uavhengig av dette og kommunane har gjort sin del av arbeidet ut prosjektperioden.

Arbeidet med å redusere forureininga frå jordbruket er ei stor oppgåve som må løysast ved felles innsats både på lokalt, regionalt og sentralt hald. Etablering av tilfredsstillande samarbeidsformer gir grunnlag for felles problemforståing, målformulering og arbeidsdeling mellom ulike aktørar. Når jordbruksetaten i Møre og Romsdal, som første fylke i landet, er delegert kontrollmynde for landbruksforureining, så er dette ein lekk i arbeidet med større ansvarleggjering av næringa sjølv med omsyn til forureiningsspørsmål. Hovudformålet med prosjektet er vidare å betre ressursutnyttinga når det gjeld bruk av personell og å oppnå større kostnadseffektivitet når det gjeld tiltak mot forureining.

Resultatet av arbeidet i prosjektet viser at det er oppnådd større ansvarleggjering i arbeidet med forureiningsspørsmål både i jordbruksnæringa og i dei ytre landbruksetatane i fylket. Arbeidsopplegget i prosjektet har også resultert i betre utnytting av personellressursane med samordning av kontroll, rådgjeving og tiltak.

Det er i 3-års perioden førstegangskontrollert tilsaman 1844 bruk som utgjer 35% av bruka med husdyr i fylket. Kontrollen er omfattande og heile forureiningssituasjonen på bruket vert gjennomgått. Det er ut frå resultatane av kontrollen i 1992, 1993 og 1994 skreive ut 505 pålegg om tiltak på i alt 398 bruk. Av bruka som er kontrollert i dei tre prosjektåra har såleis 22% fått pålegg.

Som oppfylgjing av kontrollane og pålegga arbeider landbruksforvaltinga i kommunane og Fylkesmannen, landbruksavdelinga med å lage planar og å løyve tilskot til tekniske miljøtiltak på desse bruka.

Talet på bruk som har søkt om dispensasjon for å spreie husdyrgjødsel utanom vekssesongen har gått ned i perioden. I 1994 søkte 190 bruk om slikt løyve mot 397 bruk i 1992. Dette er ein nedgang frå 7 % av bruka med husdyr i 1992 til 4 % i 1994.

Etter at prosjektet no er gjennomført er det grunn til å tru at prosjektet over tid vil gi ein klar positiv effekt på forureiningssituasjonen innafor landbruket i fylket. Det er lagt ned eit stort arbeid i landbruksavdelinga og i kommunane for å gjennomføre kontrollarbeidet på bruka. Miljøvernavdelinga har fylgt opp med vassdragskontrollar i 127 elvar og bekkar. Det er for

---


tidleg å seie korleis kontrollen har påverka vassdraga. Miljøvernavdelinga vil om eit par år gjennomføre vassdragskontroll i dei same elvane og bekkane for å undersøke verknaden av kontroll og tiltak.


Med bakgrunn i dei resultatane som er oppnådd med organiseringa av arbeidet og arbeidsdelinga i prosjektet, vil Fylkesmannen rå til at arbeidet med forureiningskontrollen vert organisert etter eit tilsvarende mønster for framtida.

Leiar for prosjektet har vore Ove Kaldhol. Arbeidet er etter omorganiseringa tillagt jordbruksseksjonen i landbruksavdelinga med fylkesjordsjef Ole Syltebø som ansvarleg. Frå Fylkesmannen, miljøvernavdelinga har seksjonsleiar Kolbjørn Megård og overingeniør Reidun Sem Kallestad vore engasjert i arbeidet som faglege kontaktpersonar og medspelarar.

Evaluering av prosjektet skal vere ferdig til 01. mars 1995. Møreforskning har tatt på seg arbeidet med evalueringa. Evalueringsgruppa er samansett av forskningsleiar Kristin Tornes frå Møreforskning, fylkesjordsjef Joar Oltedal og seksjonsleiar Morten Nicolls, båe frå Fylkesmannen i Rogaland. Vi viser elles til prosjektplanen med retningslinjer og rapportane for 1992 og 1993.

Molde 16. februar 1995

  
for Olav Mork  
landbruksdirektør

  
Per Fredrik Brun  
fylkesmiljøvernssjef

---

## Kapittel 1: Generelt om prosjektet

Samarbeidsrundskrivet frå Landbruksdepartementet og Miljøverndepartementet av 28. april 1989 og Fylkeslandbrukskontoret si utgreiing om miljømessige tiltak i landbruket fram mot år 2000 i Møre og Romsdal, utløyste tanken om eit større miljøvernengasjement for landbruket. Det har vore tilsett prosjektleiar frå 1.januar 1992 med kontor plass ved Fylkeslandbrukskontoret (Fylkesmannen, landbruksavdelinga frå 01.07.93). Prosjektet har gått over tre år og skal etter planen evaluerast innan 01.mars 1995. Prosjektleiaren sine viktigaste oppgåver har vore:

- \* Å vere bindeledd mellom landbrukskontora, landbruksavdelinga og miljøvernavdelinga.
- \* Ha tilsyn med at kontrolloppgåvene vert tilfredsstillande utført.
- \* Utføre oppgåver som etter retningslinene er lagt til landbruksavdelinga.
- \* Ta initiativ til og gjennomføre andre oppgåver i samsvar med prosjektet si hovudmålsetting.
- \* Ha ansvar for framdrift, organisering og budsjett.

Fylkeslandbrukskontoret fekk i brev, dagsett 23. juni 1992 frå Miljøverndepartementet, delegert mynde i samband med prosjektet «Utvida miljøvernengasjement for jordbruksetaten i Møre og Romsdal» for perioden 15. juni 1992 fram til og med 31. desember 1994. Delegasjonen er, etter avtale med SFT, forlenga utover året 1995 inntil det vert teke endeleg avgjerd om korleis kontrollen med forureining i landbruket skal organiserast. Delegasjonen omfattar kontroll med forureining etter fylgjande forskrifter, alle fastsett av Miljøverndepartementet:

- \* Forskrift om silopressaft, av 1.august 1991.
- \* Forskrift om bakkeplanering, av 3. april 1989.
- \* Forskrift om husdyrgjødsel, av 1. mars 1989.  
--Mynde til å gje dispensasjon frå § 5 i forskrifta. (Krav til spreing av husdyrgjødsel).
- \* Forskrift om utslepp av skyllevann og svartlut frå halmlutingsanlegg av 1. juli 1985.

Vi viser elles til ei meir omfattande og nøyaktig utgreiing om mynde i rapport for 1992.

Det praktiske arbeidet vert utført av landbrukskontora (no landbruksforvaltinga i kommunane), med prosjektleiaren hos Fylkesmannen, landbruksavdelinga som koordinator.

Fylkesmannen, miljøvernavdelinga gjennomfører metodisk gransking av vassdrag som ei oppfylgjing av kontrollen.

Det vart i 1992 utarbeidd ei brosjyre med informasjon om prosjektet. I 1993 vart det utarbeidd ei brosjyre om husdyrgjødsel i samarbeid mellom prosjektleiaren og andre fagfolk ved landbruksavdelinga. Brosjyrene er distribuert til alle gardbrukarane i fylket. Brosjyrene er vedlagt.

Fylkesmannen, miljøvernavdelinga har i 1989 laga ei prioritert liste og kart over vassdrag der det er stor fare for forureining frå landbruket. Landbrukskontora har i 1992 kome med framlegg til andre vassdrag som bør prioriterast. Denne lista og kartet over vassdrag er grunnlaget for prioritering av planlegging og finansiering av tiltak mot forureining i landbruket. Kartet er vedlagt. Sjå «Kart nr 1». Lista er distribuert til alle kommunane, der ho vert nytta som grunnlag når dei skal velge ut bruk til kontroll.

---

## Kapittel 2: Kontrollarbeidet.

### 2.1 Kontroll på gardsbruk.

#### 2.1.1 Omfanget av kontrollen.

Tala som er nytta for omfanget av kontrollen omfattar bruk som er tekne ut til førstegangskontroll. Alle desse bruka vert før eller seinare etterkontrollerte. Det vert teke etterkontroll når tiltaka er gjennomført. Det vert dessutan teke ny kontroll dersom pålegget ikkje er gjennomført innan fristen.

Omfanget i 1994:

Målet for omfanget av førstegangskontrollen i 1994 var 750 bruk. Det er utført førstegangskontroll på 614 bruk i 1994. Dette utgjør omlag 12 % av bruka med husdyr og er noko mindre enn målsettinga. Til saman er det utført kontroll på 1760 anlegg for gjødsellager, siloanlegg og pressaftanlegg. Omfanget kommunevis for 1994 er vist i tabell nr 8 og figur 14. (Sjå vedlegg).

Omfanget i prosjektperioden:

I 3-årsperioden er det gjennomført førstegangskontroll på 1844 bruk. Dette utgjør 35 % av bruka med husdyr i fylket. Til saman er det utført kontroll på 5291 anlegg for gjødsellager, siloanlegg og pressaftanlegg i perioden. I tabellen nr 1 nedanfor er omfanget av førstegangskontrollen vist for kvart år.

Tabell nr 1. Omfanget av førstegangskontrollen.

År	Tal kontrollerte bruk	Tal kontrollerte anlegg
1992	503	1450
1993	727	2081
1994	614	1760
Sum	1844	5291

I tillegg til kontroll av siloanlegg og gjødsellager vert dreneringa frå bruket og aktuelle vassdrag kontrollert for å verifisere eventuelle utslepp av næringsstoff. Der det ikkje kan påvisast synlege utslepp vert ledningsevna i vatnet målt for å få ein indikasjon på muleg lekkasje. I samtale med brukaren vert heile forureiningssituasjonen på bruket gjennomgått med sikte på å lokalisere eventuelle utslepp. Det vert i tillegg registrert eit omfattande utval av data om driftsform, lagerrom for gjødsel, driftsmåte m.m. som skal nyttast til evaluering av miljøtekniske tiltak på bruka.

I tillegg til førstegangskontrollen vert det gjennomført etterkontroll på bruk som har meldt frå om at pålegget er etterkomne og på bruk som ikkje har etterkomen pålegget innan fristen. Dette vil årleg utgjere omlag 150 kontrollar.

---

Omfanget av førstegangskontrollen i perioden varierer frå kommune til kommune. Dette er vist kommunevis i vedlagde tabell nr 12, figur 15 og i vedlagde kart nr 4. Variasjonen er godt i samsvar med prioriteringane som er gjort i miljøvernavndelinga når ein ser bort ifrå eit par kommunar. I vedlagde tabell nr 13 er vist eit oversyn over korleis kontrollane i 1993 og 1994 er fordelt på vassdrag og korleis dette samsvarar med prioriteringa. Sjå også vedlagde kart over prioriterte områder, kart nr 1.

Bakkeplanering eller halmlutingsanlegg er ikkje registrert på dei kontrollerte bruka.

Kommunane legg opp strategien i sitt område. Dei fleste kommunane har proritert å kontrollere og å få igang tiltak på bruka med størst lekasjar og størst problem med lagerkapasitet i prioriterte område. Nokre få kommunar har valgt å gå tyngre inn med kontroll i enkelte vassdrag som er serleg viktige som drikkevasskjelder, fiskeelvar o.l. I kommunar der det ikkje er spesielt prioriterte vassdrag vert det teke kontroll etter klage og nokre få meir tilfeldige kontrollar i tillegg.

### 2.1.2 Kontroll med spreing av husdyrgjødsel.

Jordbruksetaten har også som oppgåve å føre kontroll med spreing av husdyrgjødsel. Jordbrukssjefen i kommunane har fullmakt til å dispensere frå § 5 i «Forskrift om husdyrgjødsel» og kan såleis i serlege høve gi løyve til å spreie husdyrgjødsel på eng utanom vekstsesongen. Fullmakta gjeld berre spreing der det ikkje er snødekt eller frosen mark og for mengder inntil 2 tonn gjødsel pr dekar. I tillegg til handsaming av dispensasjonssøknadar har kommunane oppgåva med å føre kontroll med spreing av husdyrgjødsel generelt. Landbruksforvaltninga i kommunane har handsama 190 søknadar om dispensasjon i 1994. Omfanget og resultatet av handsaming av søknadane om dispensasjon i 1994 går fram av vedlagde tabell nr 9 og figur nr 16. Tilsvarende tal for heile perioden går fram av vedlagde tabell nr 15 og figur nr 18.

I heile 3-års perioden er det handama 871 søknadar om dispensasjon i kommunane.

### 2.1.3 Oppfylgjing frå landbruksavdelinga.

Prosjektleiaren har også i 1994 vitja fleire kommunar og vore med på kontrollar i kommunane for å fylgje opp arbeidet. I samband med dette vert rutiner for kontrollen og ulike problem og løysingar i kontrollarbeidet gjennomgått på staden. I september månad vart det innhenta førebels rapport om omfanget av kontrollarbeidet i kommunane.

For å lette oppfylgjinga av pålegg har prosjektleiaren to gonger i året sendt ut oversyn til dei aktuelle kommunane over pålegg der fristen har gått ut.

Prosjektleiaren har jamnleg kontakt med kontrollørane i telefon og det vert sendt ut rundskriv til kommunane med orientering om korleis arbeidet skal gjennomførast. Prosjektleiaren har vore på synfaring for å ta stilling til klage over pålegg og for å sjå på forhold som er vanskeleg å løyse.



---

## 2.2: Kontroll av vassdrag

Miljøvernavingdelinga har i 1994 ført vidare overvakinga av landbrukspåverka vassdrag. Sommaren og hausten 1994 har i alt 77 små og mellomstore elvar/bekkar spreidd over heile fylket vore med i overvakinga. Dei fleste av desse elvane er resipientar til bruk som var med i landbrukskontrollen i 1993.

I samarbeid med Norsk institutt for vannforskning (NIVA) har Fylkesmannen også i 1994 gjennomført ein biologisk prøvemetode til overvaking av elvar og bekkar. Tidlegare har overvaking av vatn og vassdrag oftast vore gjort ved å undersøke kjemiske og fysiske parametrar t.d. fosfor- og nitrogeninnhaldet. Desse parametrane vil ofte variere mykje og ein er avhengig av hyppige prøveseriar for å få brukbare resultat. Biologiske metodar som groingsprøver avspeglar vasskvaliteten over tid og vil i liten grad bli påverka av endringar i vasstanden og nedbørsmengder.

### 2.2.1 Metode:

#### Groingsprøver.

Groing er ein fellesnemnar for organismesamfunn som er festa til elvebotnen eller på anna underlag i elva. Dei kan og ha naturleg tilhald nær elvebotnen, t.d. blant andre groingsorganismar. Ein kan dele groingsorganismane i tre funksjonelle grupper: primærprodusentar, nedbrytarar og konsumentar. Primærprodusentane dominerar i lite til moderat forureina vassdrag, medan auka tilførsel av lett nedbrytbart organisk stoff favoriserar nedbrytarane. Paritkulært organisk materiale medfører auka forekomstar av konsumentar. Observasjonar og kartlegging av groingssamfunn kan mellom anna gi eit mål for verknadane av plantenæringsstoff, organiskstoff, miljøgifter, forsuring, vassdragsregulering og partikkel mengder.

Prøvene vart tekne etter 2. slåtten i august/september-94. For mindre elvar vart det valt ut ein prøvestasjon, som regel nær utløpet, medan det i større vassdrag vart tekne fleire prøver. Prøver av dei mest dominerande artane/groingssamfunna vart samla på små dramsglas og konservert med formalin. For kvar stasjon vart det og teke ei skrapprøve for å undersøke dei mikroskopiske algene i elva. Desse blir tatt ved å børste eit areal på 8 x 8 cm på 10 tilfeldig plukka steinar i elva. Steinane blir børsta med ei tannbørste ned i eit kar med 1 liter vatn. Frå denne blir det tatt ut ei representativ prøve som og blir konservert med formalin. På kvar lokalitet vart også dekningsgrad, straumtilhøve, vasstand, lystilhøve og substratsamansetjinga notert og definert etter ein gitt skala. Vedlagt prøvetakingsskjema (Feltobservasjonar - begroing) viser dei ulike skalane. Sjå «Andre vedlegg» nr 3.

Prøvene er analysert av forskarar ved NIVA og ut frå artsamansetjinga og mengdefordelinga av dei ulike artane kan forureiningstilhøva kartleggast. Lokalitetane blir klassifisert i eit system frå 1-5 som vist i tabell nr 2 nedanfor.

Tabell 2: Klassifiseringssystem for groingsprøver.

<b>Inndeling</b>	<b>Tilstandsklasse</b>	<b>Forureiningsgrad</b>
Klasse I og I/II	God	Lite forureina og naturleg næringsfattig
Klasse II og II/III	Mindre god	Moderat forureina eller naturleg næringsrik
Klasse III	Nokså dårleg	Markert forureina
Klasse III/IV og IV	Dårleg	Sterkt forureina
Klasse IV/V og V	Svært dårleg	Svært sterkt forureina

#### Bakteriologiske prøver.

I tillegg til groingsprøvene vart det i dei fleste av elvane som var med i overvakinga tatt bakteriologiske prøver på same plass ein gong kvar månad frå mai til november 94. Prøvene vart analysert på termostabile koliforme bakteriar. Dette er ein svært vanleg tarmbakterie som ein finn både hos mennesker og dyr. Denne bakterien er brukt som eit mål for om elva er påverka av fersk kloakk eller gjødsel. På same måten som for groingsprøvene kan resultata av dei bakteriologiske prøvene klassifiserast i eit system frå 1 til 5, der klasse I tyder lite forureina og klasse V svært sterkt forureina.

I motsetnad til groingsprøvene vil dei bakteriologiske prøvene vere utsett for store variasjonar over tid og er svært avhengig av vassføringa i elva ved prøvetaking. Resultata gir likevel ein indikasjon på tilsiget av fersk gjødsel/ kloakk til vassdraga. Tarmbakteriane formerer seg ikkje i vatnet og vil derfor alltid vere tilført utanfrå

Dei bakteriologiske prøvene er analysert ved dei respektive næringsmiddeltilsyna og prøvene er tatt av tilsette i dei ulike kommunane.


## Kapittel 3: Resultat.

### 3.1 Resultatet av førstegangskontrollen på bruka.

Resultat i 1994:


Resultatet av kontrollen på bruka er vist i vedlagde tabell nr 7 og 8, Av dei kontrollerte bruka er 59 % utan lekasjar. Kontrollørane har vurdert lekkasjane i fire klassar:

- Klasse 1 = Ingen lekkasje
- Klasse 2 = Litt lekkasje
- Klasse 3 = Tydeleg lekkasje
- Klasse 4 = Stor lekkasje



Figur 1

Av dei kontrollerte bruka har 5 % «Stor lekkasje», 14 % «Tydeleg lekkasje» og 22 % «Litt lekkasje» på minst eitt av anlegga. Det er såleis funne feil på 41 % av bruka og på 19 % av bruka er det funne «Tydeleg-» eller «Stor lekkasje». Dette er vist i figur nr 1. Sjå også vedlagde tabell nr 16 om fordeling innan kommunar og feilklassar.




Figur 2

Etter resultatet for kvar anleggstype er det ein tendens til at det er noko større prosent i klassa «Stor lekkasje» og mindre prosent med «Litt lekkasje» for pressaftanlegg enn for siloane og gjødsellagera. Dette tyder på at når det først er lekkasje i pressaftanlegget så er det oftare ein stor lekkasje enn for silo og gjødsellager. Pressaftanlegga har også størst prosent i klassa «Ingen lekkasje». Sjå figur nr 2 om fordeling på anlegg.

## Resultat i prosjektperioden:

I dei tre prosjektåra har andelen av bruk med feil gått ned frå 52 % til 41 %. Utviklinga i dei tre åra er vist i figur 3. Andelen av bruk med «Stor lekkasje» har gått ned frå 10% i 1992 til 5% i 1994 medan andelen av bruk med «Tydeleg lekkasje» ligg på omlag same nivået som i 1992.


Figuren viser utviklinga i resultatet av kontrollane i 3-års perioden



Figur 3

I vedlagde tabell nr. 14 og figur nr 17 er feilprosenten for dei tre åra i perioden vist kommunvis. Feilprosenten varierer mindre mellom kommunane når ein ser heile perioden samla enn kvart år for seg. Dette tyder på at vurderinga til kontrollørane ikkje er så ulike frå kommune til kommune når ein ser resultatet over fleire år. Feilprosenten frå år til år i same kommune varierer naturleg nok ein del då det ikkje vert kontrollert så mange bruk årleg i kvar kommune og sidan utvalet av bruk til kontroll ikkje er heilt tilfeldig.

Type feil varierer i omfang. For gjødsellager er dårleg port eller lekkasje i vegg noko som går



Figur 4

---

att ofte. I siloanlegg finn ein mange lekkasjar i og rundt luker og ved overgang vegg/golv. Ulike lekkasjar i pressaftanlegget er også ein vanleg feil. I sume høve manglar pressaftanlegg heilt. I figur 4 ovnfor er vist feilprosenten på ulike anlegg i perioden. Tendensen er også her at klassa «Stor lekkasje» og klassa «Ingen lekkasje» forekjem relativt oftare i pressaftanlegg enn i siloane og gjødsellagera. Klassa «Litt lekkasje» er tilsvarande mindre for pressaftanlegg.

### 3.2 Disponering av pressaft.

I 1994:

I vedlagde tabell nr 8 er vist kommunevis korleis pressafta vert nytta. Av dei 587 bruk med silo nyttar 441 eller 75%, pressafta til gjødsel. På 7% av bruka vert pressafta nytta til for og på 18% av bruka med silo som er kontrollert vert pressafta disponert på andre måtar. Dei fleste i gruppa «Anna» har utslepp til sjøen. Hos nokre er det imidlertid registrert manglande pressaftanlegg med utslepp til grunnen eller utslepp til vassdrag gjennom veiter eller på overflata. Dei som manglar pressaftanlegg og har utslepp til vassdrag får pålegg og vert prioritert tiltak.

I prosjektperioden:

I tabell nr 3 under er vist eit oversyn over bruken av pressafta på bruka som er kontrollert i perioden og som har silo. Der er ikkje stor endring i dei tre åra. Dette er først og fremst eit resultat av at det er bruk som ikkje har vore kontrollert før og bruk med lekkasje, som i første rekke vert tekne ut til kontroll. Eit tilfeldig utvalg av bruk ville truleg ha vist at fleire bruk nyttar pressafta til for eller til gjødsel i 1994 enn i 1992, då det er bygd fleire nye og oppdatert mange pressaftanlegg i perioden.

Tabell nr 3: Oversyn over bruken av pressafta i perioden.

År	Til gjødsling	Til for	Anna
1992	77 %	6 %	17 %
1993	76 %	3 %	21 %
1994	75 %	7 %	18 %

### 3.3 Reaksjonsmåtar.

I 1994:

Det er gitt rettleiing til 168 bruk i samband med førstegangskontrollen. Det er vidare skreve ut 173 pålegg til 136 bruk. Av dei kontrollerte bruka har 22 % fått pålegg. Det er utskreve 6 pålegg med gebyr til 5 av bruka i 1994. Til saman 253 bruk hadde feil ved kontrollen i 1994. Når ikkje alle bruk med feil får pålegg er dette eit resultat av at nokre feil er så små at kontrolløren finn det lite hensiksmessig med pålegg. Mindre feil kan ofte rettast på staden eller omgåande og det er då lite formålstenleg med pålegg og frist.

Oversyn over reaksjonsmåtar kommunevis i 1994 finn ein i vedlagde tabell nr 8 og figur nr 14. På alle bruk der det er konstantert feil er det gitt rettleiing og/eller pålegg. Driftsmessige feil vert påtala på staden og fylgt opp med nye kontrollar. Lekkasjane varierer frå nesten ingen lekkasje til store lekkasjar. I nokre få høve er lekkasjane så uvesentlege at ein ikkje har funne det tenleg med pålegg. I vedlagde figur nr 14 er vist talet på bruk som har fått pålegg saman med talet på bruk som er kontrollert for kvar kommune i 1994. Det er gitt inn klage på eitt av pålegga i 1994. Klagaren fekk medhald på grunn av formell feil i pålegget. Pålegget vil bli gjentatt med korrekt namn på brukar.

Etter vedlagde tabell nr 8 går det fram at det er gitt inn 7 rapportar til Fylkesmannenn om alvorleg forureining etter retningslinene pkt 3.1.3 i 1994. Rapportane er fylgt opp med rapport til miljøvernavingdelinga som har meldt dei ansvarlege til politiet for brot på «Forskrift om husdyrgjødsel». Alle rapportane gjaldt spreining av husdyrgjødsel på frosen mark. Resultatet av meldinga til politiet er at fem av brukarane har vedtatt forelegg frå 1500 kroner til 4500 kroner. Dei to andre meldingane er framleis under etterforsking hos politiet.

Det er i tillegg kome inn melding om at ein kommune har meldt ein brukar til politiet for ulovleg spreining. Denne saka er ikkje ferdig etterforska enno.

I prosjektperioden:

I dei tre prosjektåra er det gitt rettleiing til 717 bruk i samband med førstegangskontrollen. Det er skreve ut 505 pålegg til 398 bruk. Av dei 1844 bruka bruka som er kontrollert har såleis 22 % fått pålegg.

Tabell 4: Reaksjonsmåtar på kontrollerte bruk i perioden.

	1992	1993	1994	Sum
Tal kontrollerte bruk	503	727	614	1844
Tal bruk med feil	262	313	253	828
Tal bruk som har fått rettleiing	338	211	168	717
Tal bruk som har fått pålegg	92	170	136	398
Herav pålegg med gebyr	0	5	5	10
Melding om alvorleg forureining	5	6	7	18

Det er skreve ut 11 pålegg med gebyr til 10 av bruka. Storleiken på gebyra varierer frå 15.000 kroner til 30.000 kroner med gjennomsnitt på 21.000 kroner. I vedlagde tabell nr 12 og figur nr 15 er vist talet på bruk som har fått pålegg saman med talet på bruk som er kontrollert for kvar kommune i heile perioden. Det er gitt inn klage på 6 av pålegga i perioden. Klagaren fekk medhald i 3 av klagene, og delvis medhald i ei klage. Ei klage har gått til SFT og er ikkje gitt medhald. Ei av klagene vart trekt av klagaren etter nærare samtale. I tillegg til formelle klager er det kome inn ein del forespørslar og kommentarar til grunnlaget for pålegget utan at det har ført til endringar.

Det er i 3-års perioden gitt inn 18 rapportar frå kommunane til Fylkesmannen om alvorleg forureining etter retningslinene pkt 3.1.3 i 1994. Rapportane er fylgt opp med rapport til miljøvernavingdelinga som i 10 av tilfella har meldt dei ansvarlege til politiet for brot på

«Forskrift om husdyrgjødsel». Alle rapportane gjaldt spreining av husdyrgjødsel på frosen eller snødekt mark. Resultatet av meldinga til politiet er at 7 av brukarane har vedtatt forelegg på frå 1500 kroner til 4500 kroner. To av meldingane er framleis under etterforskning hos politiet, ei melding er «henlagt av politiet etter bevisets stilling» og resten av rapportane har det ikkje vore formålstenleg å fylgje opp med melding til politiet fordi det har gått for lang tid før hendinga kunne kontrollerast nærare. Bruka er imidlertid vorte oppfylgde med vanleg forureiningskontroll og det er gitt pålegg der dette har vore formålstenleg.

Første året gjekk det for lang tid mellom hendinga og rapportering/gransking. I 1994 har arbeidet med dette kome under god kontroll og alle rapportane om alvorleg forureining kunne fylgjast opp på ein tilfredsstillande måte.


### 3.4 Dispensasjon for spreining av husdyrgjødsel

I 1994:

Landbrukskontora har handama 190 søknadar om dispensasjon i 1994. Dette utgjer 4 % av bruka med husdyr i fylket. Av søknadane i 1994 er 170 innvilga som omsøkt, 16 har fått avgrensa dispensasjon og 4 søknadar er avslått. Sjå figur 5.

Som tidlegare år vert landbrukskontora kontakta av brukarane før det vert søkt om dispensasjon og saka vert drøfta med brukaren. Det vert då gitt rettleiing til brukaren for å løyse vanskane på beste måte. Dette er hovud-

årsaka til at det er så få avslag på søknadane. I vedlagde tabell nr 9 og figur nr 16 er resultatet av søknadshandsaminga i 1994 vist for kvar kommune.




Figur 5

Det er i 1994 spreidd 11478 tonn husdyrgjødsel på dispensasjon i fylket. Dette er omlag 1% av den samla husdyrgjødselproduksjonen i eit år. Det er spreidd 8000 tonn mindre husdyrgjødsel etter dispensasjon enn i 1993. Målt i tonn er dette ein nedgang på 41 % frå 1993 til 1994.

Også for 1994 er det henta inn oversyn over når på året dispensasjon er gitt.

Sjå figur nr 6.

Av husdyrgjødsel spreidd utanom vekstsesongen er 95 % spreidd i september, oktober og november. I 1993 var det tilsvarende talet 80%, noko som syner ei betring i gjødslingsstrategien til bøndene.




Figur 6

I prosjektperioden:

I heile perioden har det kome inn 871 søknadar om dispensasjon. Detaljane i resultatet av handsaminga er vist i tabell nr 5 nedanfor.

Andelen av bruka som søker om dispensasjon har gått ned frå 7 prosent til 4 prosent i 3-års perioden. Dette er vist i figur nr 7.



Figur 7

Nedgangen i søkandar om dispensasjon indikerer at det er mindre behov for å spreie husdyrgjødsel utanom vekstsesongen enn det var i starten på prosjektperioden. Dette har truleg si årsak i både betre lagerkapasitet og betre gjødslingsstrategi. Ei anna årsak til nedgangen kan vere at ulovleg spreiling på snødekt- eller frosa mark har vorte meldt til politiet. Dette har gjort at dei uheldige sidene ved spreiling utanom vekstsesongen har kome meir i fokus.

Tabell nr. 5: Handsaming av søknad om dispensasjon for spreiling av husdyrgjødsel perioden.


	1992	1993	1994	Sum
Tal søknadar som har fått avslag	5	3	4	12
Tal søknadar som har fått delvis dispensasjon	41	17	16	74
Tal søknadar som er innvilga som omsøkt	351	264	170	785
Sum tal søknadar	397	284	190	871



### 3.5 Resultat av pålegg frå 1992 og 1993.

I figur nr 8 nedanfor er det vist kva som har skjedd etter at det er gitt pålegg i 1992 og 1993. For pålegg frå 1994 er fristen enno ikkje gått ut.


Av i alt 332 pålegg er 128 eller 39% fullt ut etterkomne innan fristen. For 110 av pålegga



Figur 8

(33%) har vi ikkje motteke melding om at dei er etterkomne innan fristen. I denne posten finn vi både tiltak under arbeid, tiltak som er nesten ferdig og i enkelte høve er arbeidet ikkje starta opp. Det ligg føre 4 søknadar om ny frist som ikkje er handsama enno. Nokon nærare statistikk ligg ikkje føre for denne gruppa, men opplysningar om statusen for pålegg som ikkje er etterkomne innan fristen vil verte innhenta frå kommunane før det vert gitt pålegg med gebyr. Det vil såleis ligge føre meir detaljert statistikk til rapporten om statusen til pålegga som skal sendast til SFT innan 31.05.95. For 91 av pålegga (27%) er fristen ikkje gått ut enno.

Ser vi på tiltak på silo og gjødsellager kvar for seg i figur nr 9, går det fram at det er tiltak på gjødsellager som i minst grad og tiltak på silo som i størst grad er gjennomført innan fristen.



Figur 9

---

Av pålegga i 1992 og 1993 er 5 av pålegga gitt med gebyr og ny frist. To av pålegga med gebyr er etterkomne innan fristen. For to av pålegga er fristen ikkje utgått og der er då eitt pålegg med gebyr der fristen er utgått. Det er gitt melding om at arbeidet er gjort, men kommunen har ikkje gjennomført endeleg kontroll.

Årsaka til at pålegg ikkje er etterkomne innan fristen kan vere ulik frå sak til sak. I fleire høve er det mangel på plan for arbeidet. Dette kan vere ei av årsakene til at pålegg på silo i større grad er gjennomført enn pålegg på gjødsellager, då tiltak på silo oftast krev enklare utgreiing og planlegging. Kommunane og landbruksavdelinga har ikkje hatt nok kapasitet til å ta unna alle rekvisisjonane på planlegging slik at der er eit etterslep på rekvisisjonar frå åra før. I 1994 er det løyvd miljøltskot til 200 nye bruk og gitt tillegsløyving til 39 bruk. Sjøl om 136 bruk fekk pålegg om tiltak i 1994 er det likevel von om køen kan avviklast i løpet av eit par år.

Sume av dei som får pålegg er ikkje klar over at dei må søkje om ny frist når dei har rekvirert planlegging og må vente. Det er viktig at dei som må vente på planlegging vert fylgt opp betre frå kommunane med midlertidige tiltak og ny frist om nødvendig. Nokre av dei som har fått pålegg har imidlertid ikkje teke initiativ til å fylgje opp pålegget. Både sosiale og økonomiske forhold kan ligge bak manglande initiativ. Her må også kommunane ta større ansvar. Dei som ikkje har rekvirert planlegging innan 2 månader etter at pålegget er motteke må kommuna ta kontakt med for å få planprosessen igang. Dei som ikkje har teke initiativ til å fylgje opp pålegga innan fristen vert no gitt nye pålegg med gebyr. I prosjektperioden er det utskreve 11 pålegg med gebyr til 10 bruk. Gjennomsnittleg gebyr er på ca. 21000 kroner.

Strategien i heile perioden har vore å gi relativt kort frist for første gangs pålegg slik at det ikkje skal gå for lang tid før det vert reagert på pålegget. Vanlegvis vert det for pålegg etter forskriftene om pressaft gitt frist til 1. juni og for pålegg etter forskriftene om husdyrgjødsel til 1. oktober året etter. I mange høve er tiltaka så omfattande at det må gjevast ny og lenger frist. Det har difor vore praktisert slik at det skal vere kurant å få forlenga fristen når det kan påvisast at arbeidet med tiltaka treng lenger tid enn det første frist gjev rom for. Det vert då lagt stor vekt på uttalen frå landbruksforvaltninga i kommunane med omsyn til akutt forureiningsfare, omfanget av arbeidet og andre relevante forhold på bruket. Der det er akutt fare for forureining vert det sett vilkår om å gjennomføre midlertidige tiltak straks, sjøl om det vert gitt ny frist for å gjennomføre permanente tiltak.

### 3.6 Analyseresultat.

I 1994:

I underkant av halvparten av groingsprøvene var ferdig analysert då denne rapporten gjekk i trykken. I ein meir omfattande rapport som kjem ut til våren vil alle resultatata bli presentert og diskutert.

Resultata som no ligg føre viser at 14 av 33 vassdrag blir klassifisert i tilstandsklasse III (nokså dårleg) eller dårlegare. Ni av elvane er karakterisert som lite forureina og naturleg næringsfattige. Berre ei elv er plassert i klasse V, «Svært sterkt forureina», medan fem er plassert i klasse IV, «sterkt forureina». Resultata er presentert i kart, sjå vedlagde kart nr 2.


Dei bakteriologiske prøvene er ferdig analysert. Det er tatt prøver frå kvart vassdrag kvar månad frå mai til november. For nokre av vassdraga er det tatt prøver på fleire stader. Resultata er vist i vedlagde tabell nr 11. Resultata varierar frå ingen påviste termostabile koliforme bakterier til over 50 000 pr. 100 ml prøve. Inndeling i tilstandsklasse er i samsvar med SFT-vegleiaren for klassifisering av miljøkvalitet i ferskvatn (Holtan, H. og Rosland, D., 1992)

Vedlagde kart nr 3 viser den geografiske fordelinga av dei ulike vassdraga der tilstandsklassene er markert. Tabell nr 6 nedanfor viser fordelinga av antall bekkar/elvar på tilstandsklassene.

Tabell 6: Klassifisering av vasskvalitet utifrå mengde tarmbakteriar.

Tilstandsklasse	Forureiningsgrad	Koliforme bakt. /100ml	Antall i 1994
I	Lite forureina	<5	2
II	Moderat forureina	5-50	28
III	Markert forureina	50-200	18
IV	Sterkt forureina	200-1000	20
V	Meget sterkt forureina	>1000	5

Ei samanstilling av dei ferdig analyserte groingsprøvene og alle bakteriologi-prøvene frå 1994 er presentert i figur nr 10 nedanfor. Tilstandsklassifiseringa av bakteriologiprøvene er basert på den høgaste verdien i prøveserien, fordi det i denne granskinga er berre 3-5 prøver i kvar serie (jf. veileiar for klassifisering av miljøkvalitet i ferskvatn). I einkilde vassdrag varierte antallet termostabile koliforme bakteriar svært mykje frå månad til månad. Desse resultatata må ein difor berre sjå på som augenblikk-tilstandar som gir indikasjonar på tilførsel av fersk gjødsele eller kloakk. Sjå også vedlagde tabell nr 11.




Figur 10.

Dei samla resultatata for kvar elv med tilsvarende tilstandsklasse er vist i vedlagde tabell nr. 10.

Perioden 1992-1994:

For heile perioden 1992-94 er det tatt totalt 150 groingsprøver i 127 ulike elvar. Til no er 106 av desse groingsprøvene analysert og fordelinga mellom dei fem tilstandsklassene er vist i figur 11. Omlag 45% av dei ferdig analyserte groingsprøvene blir klassifisert i tilstandsklasse III (nokså dårleg) eller dårlegare.




Figur 11.

## Kapittel 4: Vurdering, prioritering og tilstand

### 4.1 Vurdering av kontrollen.

I 1994 har omfanget av kontrollarbeidet vore noko mindre enn i 1993. Omlag 12 % av husdyrbruka i fylket er kontrollert i år, slik at omfanget i 1994 likevel er stort i høve til omfanget i dei fleste andre fylke i landet. I 1993 vart 14 % av husdyrbruka kontrollert og i 1992 vart 9 % kontrollert. Til saman er det i heile perioden kontrollert 1844 bruk, noko som tilsvarar omlag 35 % av bruka med husdyr i fylket. I figur nr 12 nedanfor er resultatene av



Figur 12

kontrollene i dei tre åra samanlikna. Det er ei utvikling i fleire bruk med «Ingen lekkasje» frå 48 % i 1992 til 59 % i 1994. Utviklinga frå 1993 til 1994 er mindre, men peikar i same lei. Utviklinga i talet på bruk med stor lekkasje er også positiv medan tala for litt lekkasje og tydeleg lekkasje syner at det framleis er mange feil å finne, sjøl om tendensen er mindre alvorlege feil etterkvart. Ettersom det vert valt ut bruk som ikkje har hatt kontroll før i perioden og bruk med feil ofte vert valt ut, ventar ein ikkje å finne så stor utvikling i feilprosenten i dei tre prosjektåra. Ein tilfeldig kontroll ville truleg vise at det er vesentleg færre bruk med feil i 1994 enn i 1992.

Alle bruk som får pålegg skal enterkontrollerast. Der det er sett iverk tiltak vert det kontrollert om resultatet er tilfredsstillande når tiltaket er utført. Dei som ikkje har meldt frå om tiltak innan fristen får ny kontroll. Desse kontrollene som vert gjort for å verifisere resultatet av pålegg, vert ikkje rekna som kontrollar i dei tala som er vist ovanfor. Bruka kan få besøk både ein og fleire gongar før kontrolløren godkjenner tiltaket. Kontrollarbeidet er såleis vesentleg meir omfattande enn kontrolltala i tabellane viser. Talet på slike kontrollar har ein ikkje statistikk over, men talet vil over tid bli større enn talet på pålegg då alle som får pålegg vert etterkontrollert minst ein og ofte fleire gongar. For heile fylket vert det utført omlag 150 etterkontrollar årleg.

---

## 4.2 Endring i prioritering av arbeidsoppgåver og tiltak.

